



Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/215 - 18/5795

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
20.03.2018


Godkjenning - GBNR 23/585 Matrikkelføring med utsatt oppmålingsforretning

Administrativt vedtak. Saknr: 69/2018

Saksutgreiing:

Viser til mottoken rekvisisjon av oppmålingsforretning den 19.01.18 over ny parsell til bustablokk HUS 1 på gbnr. 23/509. I rekvisisjonen vert det søkt om utsetting av oppmålingsforretning, der ein vil venta med oppmåling til bustadblokka er ferdig bygd.

Søknaden er grunngjeven slik: «Det aktuelle arealet vil en tid fremover være et anleggsområde. Det vil derfor ikkje være praktisk å gjennomføre oppmålingsforretningen før byggeriet er ferdigstilt. En kan da gjøre mindre justeringer av grensen etter de stedlige forholdene.»



Vurdering:

Kommune ser det som fornuftig å utsetje merking og måling og endeleg koordinatfesting av nye eigedomsgrensar til denne bustadblokka til etter at bygget er ferdigstilt. Det er her søkt om at grensene meir eller mindre følg bygningskroppen, og det er difor ikkje praktisk å merke desse grensene før ferdigstilling av byggearbeid. Bueiningane i denne blokka skal i tillegg ha ein ideell del i restareal mellom dei 3 planlagde blokkene.

Då dette er eit stort byggeprosjekt vert eigedomsgrensene registrert i matrikkelen med ei nøyaktigheit på 100 cm, slik at det er eit visst rom for å tilpassa endelege koordinatar, ved endeleg oppmåling.

Søknad om frådelling er behandla etter plan og bygningslova og er godkjend i sak 32/2018, datert 06.02.18.

Det er no gjort slikt vedtak etter matrikkellova:

Vedtak

Me viser til matrikkellova § 6 andre ledd og forskrift til matrikkellova § 25 pkt. 2, og godkjenner søknaden om oppretting av matrikkeleining før oppmålingsforretning er fullført.

Eigedomen er tildelt gbnr. 23/585.

Frist for fullført oppmålingsforretning vert sett til 20.03.20.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga kr 3600,- vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Advokatfirmaet Vikse AS
Jm Norge AS

Postboks 95 3101
Postboks 453 1327

TØNSBERG
LYSAKER